



Tore Søvik
Markavegen 2i
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5245 - 23/54652

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2023

Varsel / forespørsel om endring av BRA for gbnr 323/512 snr 4- Markavegen 2i


Kommunen har blitt gjort kjent med at dette bygget ikkje er bygd heilt slik byggeteikningane viser, og at di buening- snr 4, difor er registrert med feil BRA (innvendig bruksareal) i matrikkelen.

Brukseiningar/ bueningar skal vera registrert i matrikkelen med (BRA) dvs alt areal innanfor omsluttande ytterveggjar. Der det er ytre bodar, skal også dette arealet leggst til arealet i sjølve leiligheita.



For di bueining står det oppgitt eit areal for sjølve leiligheita på 82,5 m² og eit bodareal på 6,6 m². Dette vert til saman 89,1 m².

Etter det me ser, er boda ikkje bygd slik den viser på teikningane, men tilsvarande boda i motsatt ende av dette bygget- slik at gangarealet også er inkludert i boda. Dermed er boda laga større enn det teikningane viser. Dette samsvarar også med det som er markert med farge på seksjoneringsteikninga over, men som altså ikkje er retta på byggeteikninga, og heller ikkje rekna med i arealet som er registrert i matrikkelen.



Etter målingar på byggeteikningane over, finn me at boda di truleg er ca 9,4 m² i staden for 6,6 m² som er registrert i matrikkelen. Dette utgjer då eit samla BRA for bueininga di på 91,9 m².

Som du sikkert kjenner til fører dette til at du kjem over arealgrensa på 90m² i høve til fastsetjing av kommunale VA-gebyr.

For at dette skal verta rett og likt for alle, må me endra BRA for bueininga di i matrikkelen, dersom du ikkje kjem med tilbakemelding og dokumentasjon på at utforminga og arealet på boda di ikkje er rett oppfatta her. Dersom du kontrollmålar BRA i boda di, skal du rekna alt arealet innanfor ytterveggane.

Ber om tilbakemelding seinast innan 5 veker. Ved manglande tilbakemelding vert det registrert eit BRA på 91,9 m² i matrikkelen.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tore Søvik

Markavegen 2i

5918

Frekhaug